
Saksnr: 2020/36319-15**Saksbehandlar** Tom Steinstad**Dato:** 05.06.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesordføraren

Takstauke på fylkesvegferjene - spørsmål frå Trude Brosvik

Representanten **Trude Brosvik** (KRF) har stilt fylgjande spørsmål:

Takstauken i fylkesvegferjer etter FT-sak 26/20

Vi har no passert 01.06 og endringa i takstregulativet / sonestruktur er gjennomført.

Det gjer sjølvst at reaksjonane på auken kjem.

Viss vi tar utgangspunkt i sambandet Askvoll-Gjervik (Atløy), så låg det i sone 3. Overfarten tar ca 10 min. Til samanlikning ligg riksvegsambandet Lavik-Oppedal i sone 6 (ca 20 min overfart). Frå 01.01.20 var taksten (jfr Fjord1 si liste) kr. 87,00, medan prisen pr 01.06 er kr. 169,00.

Frå 01.06 er sona endra frå 3 til 13, som følgje av fylkestingsvedtaket, og overfarten med personbil kostar no kr. 169,00. Auken frå bilettpris før covid19-tiltak til 01.06 er i saka rekna til ca 30% (Autopass). Men når ein ser på kva som vert kravd inn, er auken på 48,52%.

Spørsmål:

1. Kva skuldast at auken utgjer 48,52% i bilettpris, når innføring av Autopass-prisar i saka er sagt å vere på ca 30%?
2. Er endringar i soner i samsvar med det som var vedtaket i saka?
3. Korleis har vedtaket frå fylkestinget vore kommunisert ut til brukarar?
4. Kva tid og korleis vil administrasjonen følgje opp det punktet som kom inn som tillegg til pkt 3, og den saka adm lova å kome tilbake med for å sjå på utslaga av vedtaket og evt korreksjon av soneplassering?

Svar frå fylkesordføraren:

Spørsmål 1:

- Sambandet Askvoll - Gjervik låg tidlegare i sone 4, men ny oppmåling har vist at strekninga er kortare. Av den grunn reduserte operatøren sambandet til sone 3, utan at det vart korrigert i ferjedatabanken. Der ligg sambandet framleis inne i sone 4, noko som vart lagt til grunn då Skyss/Kringom auka taksten med 4 soner.
- Skyss/Kringom vil etter dette korrigera taksten slik at denne vert i samsvar med fylkestinget sitt vedtak.

Spørsmål 2:

Den gjennomførte soneendringa er i samsvar med det som var vedteke i saka.

Spørsmål 3:

Det er gått brev til involverte kommunar og operatørar samt pressemelding. I tillegg har Skyss/Kringom brukt digitale kundekanalar (til dømes kringom.no og skyss.no)

Spørsmål 4:

I pkt 3 i vedtaket heiter det: «Dersom det i revidert nasjonalbudsjett eller kommuneøkonomiproposisjonen kjem midlar til fylket som er meint å avhjelpe høge ferjetakstar ma pga innføring av Autopass, ber fylkestinget om å få tilbake sak i fylkestinget».

Det er førebels ikkje komme midlar til fylket som er meint å avhjelpa høge ferjetakstar mellom anna pga innføring av Autopass. Når det gjeld lovnaden om å komme tilbake med ei sak for å sjå på soneplassering og kva verkemiddel fylkeskommunen har for å eventuelt endre prisar på ferjesambanda, vil fylkesrådammen legge fram ei sak hausten 2020.